

**Frå tretelt til Skorpo-hytte**

15.12.2009

**Jarle Ulriksen frå Odda har no søkt kommunen om å få byggja eitt 15 kvadratmeter stort tretelt på Rabben Feriesenter. Det skal fungera som fortelt framfor campingvogna hans, som står på tangen mellom elva og fjorden.**

Elles har kommunen gjeve igangsettingsløyve for desse 2 prosjekta:

\* Brit Dale får reise fritidsbustad på Skorpo. Bruttoarealet er 57 kvadratmeter. Det skal ikkje vera innlagt vatn eller avløp i hytta og flytekai med treplaatting lyt behandlast separat som dispensasjonssak. Naboar og gjenbuarar er varsla og det ligg ikkje føre protestar.

\* Svein Ove Næss får byggja fylling og kai på Ytre Eik. Kaien kan byggjast inntil 20 centimeter frå nabogrenser. Heller ikkje her ligg det føre protestar.